

# Søknad om utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbygd område – kapittel 13 i forureiningsforskrifta

Søknadsskjemaet gjeld utslepp av kommunalt avløpsvatn frå anlegg over 50 pe, men mindre enn 2000 pe, til ferskvatn, mindre enn 2000 pe til elvemunning eller mindre enn 10 000 pe til sjø.

Skjemaet gjeld ikkje påkopling til offentleg avløpsnett.

Ta kontakt med kommunen dersom du ønskjer å søkje om utsleppsløyve for utslepp mindre enn 50 pe. Sjå òg [rettleiing til søknad om utslepp etter kapittel 12 på Miljøkommune.no](#).

## Søknadsbehandling

Søknad med alle nødvendige opplysningar vil bli behandla av kommunen. Søknad i samsvar med standardkrava i kapittel 13 blir behandla innan seks veker. Søknad om unntak frå standardkrava i kapittel 13 blir behandla utan ugrunna opphold, men behandlinga kan ta meir enn seks veker.

For prosjektering og utføring av avløpsanlegget gjeld føresegnene i plan- og bygningslova § 20-1 om tiltak som omfattast av byggesaksreglane, og 23-1 om ansvar i byggesaker. Søkjaren må søkje om byggjeløyve etter plan- og bygningslova og kan først ta til med å byggje anlegget når han har fått løyve frå kommunen.

## Utfylling av søknad

Les «Rettleiing til søkeren» før du begynner å fylle ut søknaden.

### 1. Ansvarleg (søkjar)\*

Namn: Alver kommune – Teknisk forvaltning og drift v/Haugen VVA AS	Telefon (dagtid): 56 67 50 00 / 55 59 82 60
Adresse: Postboks 4 / Kanalveien 5	Postnr., poststad: 5914 Isdalstø / 5068 Bergen
E-post: <a href="mailto:Atle.dingen@alver.kommune.no">Atle.dingen@alver.kommune.no</a> / <a href="mailto:Thor-henrik@haugen-vva.no">Thor-henrik@haugen-vva.no</a>	

\* Dersom ansvarleg søker ikkje er den same som ansvarleg eigar, skal ein oppgi det. Ansvarleg eigar svarer til tiltakshavar i plan- og byggjesaker.

### 2. Søknaden gjeld

<input checked="" type="checkbox"/> Nytt utslepp <input type="checkbox"/> Vesentleg utsleppsauke	Spesifiser: Fyllingsnes avløpsanlegg
---	---

### 3. Eigedom og byggjestad:

Gnr.: 214	Bnr.: 2, 14	Adresse: Fyllingsnesvegen
Planstatus:	Samsvar med endelege planar etter plan- og bygningslova: <input type="checkbox"/> ja <input checked="" type="checkbox"/> nei	
	Dersom nei, ligg det føre samtykke frå kommunal planmyndighet? <input type="checkbox"/> ja, dato:..... <input checked="" type="checkbox"/> nei	

**4. Utsleppsstad:**

Type:  Innsjø  Bekk eller elv  Elvemunning  Sjø  Stadeigne lausmassar  
 Anna:.....

Namn på lokalitet: Osterfjorden

Koordinatar på utsleppsstaden: 6721987, 302898

Oppgi kartdatum (WGS 84, ESO 50, NGO 48, anna): EUREF89 – UTM32 – Koord.system22

Djup under den lågaste vasstanden: .....m  ikke relevant

Utsleppet målt i personekvivalentar:.....350....pe

**5. Reinsegrad:**

Reinsegrad, jamfør § 3-7, følsamt eller normalt område:

Kommunalt avløpsvatn:

90 % reduksjon av fosfor

Reinsegrad, jamfør §13-8, mindre følsamt område:

Kommunalt avløpsvatn, utslepp til sjø:

- a)  20 % reduksjon av suspendert stoff  
eller  
b)  100 mg suspendert stoff per liter i restkonsentrasjon

Søkjer unntak fra §§ 13-7 til 13-8, spesifiser i vedlegg B.

Type reinseanlegg:

- Slamavskiljar  
 Infiltrasjonsanlegg  
 Sandfilteranlegg  
 Biologisk reinseanlegg  
 Kjemisk reinseanlegg  
 Kjemisk/biologisk reinseanlegg  
 Konstruert våtmark  
 Anna løysing, spesifiser:

Tillegg for minireinseanlegg:

CE-merke (EN12566-3):  ja  nei

Dimensjonert anleggsstorlek i personekvivalentar:.....320...pe

## 6. Obligatoriske vedlegg til søknaden

A. Namn på nøytral fagkyndig (person/firma) som har hjelpt til med å velje reinsemetode og/eller dokumentere reinsegraden	<input checked="" type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> ikke relevant
B. Grunngiving for ønsket om unntak fra §§ 13-7 til 13-16 og relevant dokumentasjon	<input type="checkbox"/> ja <input checked="" type="checkbox"/> ikke relevant
C. Beskriving av anlegg inkludert leverandør, modell, materiale og så vidare, og dokumentasjon på korleis utslepp skal etablerast og drivast. Kravet gjeld ikkje for infiltrasjonsanlegg.	<input checked="" type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> ikke relevant
Godkjenningsbevis for minireinseanlegg	<input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> ikke relevant
D. Beskriving av anlegg og dokumentasjon av reinsegrad, sjå § 13-13. NB! Gjeld berre for infiltrasjonsanlegg som ikkje gjennomfører årleg prøvetaking.	<input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> ikke relevant
E. Plassering av avløpsanlegg, utsleppsstad, eigedomsgrenser og vegtilkomst på kart i målestokk 1 : 5000 eller større	<input checked="" type="checkbox"/> ja
F. Liste over eigedommar som er tilknytte avløpsanlegget, med gardsnummer, bruksnummer og adresse, dersom det er meir enn éin eigedom	<input type="checkbox"/> ja <input checked="" type="checkbox"/> ikke relevant
G. Oversikt over interesser som utsleppet får følgjer for. Beskriving av tiltak for å motverke interessekonfliktar og tiltak for å verne om helse og miljø.	<input checked="" type="checkbox"/> ja
H. Oversikt over kven som er varsla, og kopi av nabovarselet	<input checked="" type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> ikke relevant
I. Eventuelle klagar eller protestar som er mottekne	<input checked="" type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> ikke relevant

## 7. Eventuelle merknader frå søkeren


## 8. Underskrift og erklæring

Eg forpliktar meg til å følgje føresegnene i forureiningsforskrifta og enkeltvedtak i samsvar med forureiningsforskrifta. Som ansvarleg eigar har eg ansvar for forskriftsmessig drift og vedlikehald.

Dato:

26. mars 2021

Underskrift ansvarleg eigar:



Gjenta med blokkbokstavar:

Thor-Henrik Fredriksen

**9. Merknader frå kommunen**

---

# Rettleiing til søkeren

## - søknad om utslepp for mindre tettbygd område – kapittel 13 i forureiningsforskrifta

Les denne rettleiinga før du fyller ut søknadsskjemaet.

Normalt er det kommunen som søker om utslepp etter kapittel 13. Det er også som regel kommunen sjølv som eier avløpsanlegget. Vi minner om at det i desse tilfella må vere ei klar delegering av myndighet internt i kommunen for å unngå inhabilitet. Aktørar i kommunen som står for drift og vedlikehald av avløpsnettet, reinseanlegget og slamhandteringen, skal aldri samtidig vere forureiningsmyndighet.

Partslag kan i nokre tilfelle søkje om løyve til eit kapittel 13-utslepp, så sant kommunen har godteke at partslaget eier det aktuelle avløpsanlegget. Sjå [lov om kommunale vass- og avløpsanlegg](#) dersom du vil ha meir informasjon om reglar for eigarskap til avløpsanlegg.

Fleire kommunar har utarbeidd eigne søknadsskjema om utslepp. Kontakt derfor i første omgang kommunen for å høre om det er spesielle lokale forhold du bør vere klar over. Ver merksam på at kommunen kan **krevje gebyr for saksbehandling av søknad om utslepp**, jamfør [§ 11-4 i forureiningsforskrifta](#).

Du får meir informasjon og rettleiing ved å kontakte kommunen og på [www.norskvann.no](http://www.norskvann.no). Norsk Vann har mellom anna eit stort rapportarkiv som kan vere til stor hjelp og nytte.

### Kven har søknadsplikt?

Anten du skal etablere eit nytt utslepp av avløpsvatn eller vil auke eit eksisterande utslepp vesentleg, må du søker kommunen om utsleppsløyve. Vesentleg auke vil ofte seie at utsleppsmengda aukar med 25 prosent eller meir, at det er endring i type utslepp eller endring i utsleppsstad. Kontakt kommunen dersom du er usikker på om du treng å søker.

Søkjaren har ansvar for å fylle ut ein nøyaktig og fullstendig søknad med alle opplysningar som forureiningsmyndigheita i kommunen treng for å kunne behandle han. Kommunen tek til å behandle søknaden når eit fullstendig utfylt søknadsskjema med alle nødvendige vedlegg ligg føre.

Kommunen behandlar søknaden innan seks veker frå fullstendig utfylt skjema med alle vedlegg er motteke. Dersom det manglar opplysningar eller dokumentasjon, kan det forseinke behandlinga. Dersom du har søkt om unntak frå standardkrava i forureiningsforskrifta kapittel 13, gjeld ikkje den absolutte saksbehandlingsfristen på seks veker.

### Kva må du gjere i god tid før du søker?

Ta kontakt med kommunen for å få vite om eventuelle lokale tilpassingar som gjeld der du vil sleppe ut avløpsvatn. Finn ut kva som krevst av informasjon og dokumentasjon i ein søknad om utsleppsløyve. Kommunen har plikt til å gi rettleiing om korleis du skal søkje om utsleppsløyve, og kva vilkår og krav som gjeld. Du må òg sjekke med plan- og byggjesaksavdelinga i kommunen om det planlagde avløpsanlegget er i samsvar med areal- og reguleringsplanane etter plan- og bygningslova. Dersom det ikkje er samsvar, må du hente inn samtykke. Det kan krevje politisk behandling.

I samsvar med [lov om kommunale vass- og avløpsanlegg](#) skal det i utgangspunktet vere kommunen som eig avløpsanlegg som er større enn 50 pe. Dersom du ønskjer å utvide drifta ved eit privat anlegg, slå det saman med eit anna anlegg eller etablere eit nytt anlegg i privat regi, må du kontakte kommunen og få godkjenning før du søker om utsleppsløyve [jf. lov om kommunale vass- og avløpsanlegg §§ 1-2](#).

Skaff nødvendig informasjon og dokumentasjon. Det er du som søker som skal skaffe all den nødvendige informasjonen og vise at det planlagde utsleppet er i samsvar med krava. Det kan ta tid å samle alt, så du må beregne god tid.

Du har plikt til å varsle partar som naboar og andre som utsleppet får konsekvensar for. «Andre» vil her seie til dømes lag og foreiningar. Når du sender varsel, skal du samtidig sende kopi til kommunen. Dersom du er i tvil om kven som skal ha varsel, kan du få ei liste over desse frå kommunen. Varsel skal sendast ut med svarfrist på minimum fire veker. Du må sjølv sørge for å få kvittering for at varselet er sendt. Det kan til dømes vere kvittering på rekommendert brev eller ei underskrift.

Du må leggje ved oversikt over kven som er varsle, og kopi av varselet og kvitteringer (vedlegg H) saman med eventuelle fråsegner eller protestar du har fått (vedlegg I). Søknaden om løyve etter kapittel 13 kan ikkje sendast til kommunen før svarfristen på fire veker er ute.

## **Kva må sendast inn til kommunen, og korleis blir søknaden behandla?**

Når du har fylt ut alle punkta i søknadsskjemaet og har lagt ved alle nødvendige vedlegg, har du levert det vi kallar ein fullstendig søknad. Ein fullstendig søknad skal kommunen behandle innan seks veker. Hugs at dersom søknaden manglar opplysningar eller dokumentasjon, vil det kunne forseinkje saksbehandlinga. Dersom du har søkt om unntak frå dei standardiserte reinsekrava i kapittel 13 eller lokale forskrifter, gjeld ikkje den absolutte saksbehandlingsfristen på seks veker.

Eg har sendt søknad om utsleppsløyve til kommunen	Når kan eg vente svar?
Eg har sendt inn ein fullstendig søknad som er i samsvar med standardkrav i forureiningsforskrifta §§ 13-7 til 13-16.	Kommunen skal behandle søknaden innan seks veker. Dersom kommunen ikkje har svart på søknaden innan

og eventuelle tilleggskrav frå kommunen.

Eg har sendt inn ein fullstendig søknad med krav om unntak frå reinsekrava.

Eg har sendt inn ufullstendig søknad.  
(Det er ikkje alle punkta i  
søknadsskjemaet som er fylte ut, eller  
det manglar vedlegg.)

sekts veker, blir det rekna som at dei har gitt løyve.

Den absolutte saksbehandlingsfristen til kommunen på seks veker gjeld ikkje. Saksbehandlinga kan ta lengre tid, men søknaden skal behandlast utan ugrunna opphold.

Søknaden blir ikkje behandla.

## **Korleis kan du klage på vedtaket?**

Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Ein eventuell klage må sendast til kommunen innan tre veker. Klagen skal sendast til den etaten som gjorde vedtaket. Av klagen må det gå frem kva vedtak det blir klaga på, og klagen bør vere grunngitt. Dersom kommunen held oppe vedtaket, blir klagen vidaresend og behandla i klagenemnda til den aktuelle kommunen.

## **Kva blir det kravd av deg når anlegget er i drift?**

Den som eig anlegget, pliktar å dimensjonere, drive og halde anlegget ved like, slik at ein førebyggjer lekkasjar og unngår sjenerande lukt, jamfør vilkåra i utsleppsløyvet. Kommunen kan òg fastsetje andre vilkår i utsleppsløyvet enn standardkrava i forureiningsforskrifta §§ 13-6 til 13-17 eller i samsvar med søknad. Du må oppbevare informasjon om anlegget, drift og lekkasjar i minst fem år, slik at han er tilgjengeleg dersom kommunen kjem på tilsyn. Eventuelle naboklagar skal òg oppbevarast i fem år.

Kommunen er myndighet og fører tilsyn med at krava blir følgde. Kommunen har rett til uhindra tilgang for å inspisere anlegget, jf. [forureiningslova § 50](#). Kommunen kan òg krevje gebyr for tilsyn, jf. [forureiningsforskrifta § 11-4](#).

## **Korleis skal du fylle ut søknadsskjemaet frå miljøkommune.no?**

### **1. Ansvarleg (søkjar)**

Her skal du gi alle opplysningar som er nødvendige for at kommunen skal kunne kontakte eininga i kommunen eller partslaget som søker om utsleppsløyve. Ansvarleg søker eig og driv anlegget og er ansvarleg for utsleppet, inkludert drifta og vedlikehaldet av anlegget.

Handheving og sanksjonar etter regelverket vil skje overfor den ansvarlege. Dersom ansvarleg søker ikke er den same som ansvarleg eigar, må du oppgi det.

## **2. Søknaden gjeld**

Her skal du oppgi om søknaden gjeld eit nytt utslepp eller ein vesentleg utsleppsauke. Vesentleg auke vil normalt seie at utsleppsmengda aukar med 25 prosent eller meir, at det er endring i type utslepp eller endring i utsleppsstad. For mindre anlegg vil utsleppet normalt auke vesentleg dersom ein installerer vassklossett, dusj, bad, våtrom og liknande. Vesentleg auke vil også normalt vere tilfelle når eksisterande anlegg blir utvida, til dømes på grunn av at nye område blir kopla til anlegget. Endring av utslepp kan dessutan medføre at det er fare for nye eller større brukarkonfliktar. Ta kontakt med kommunen dersom du er i tvil om kva som er vesentleg auke.

## **3. Eigedom og byggjestad**

Her skal du oppgi gardsnummer, bruksnummer og adresse til bygningen eller bygningane som skal knytast til avløpsanlegget. Gards- og bruksnummer får du ved å kontakte kommunen.

Du må undersøkje med kommunen om utføringa av det planlagde anlegget er i samsvar med dei kommunale planane etter plan- og bygningslova. Dersom utføringa eller lokaliseringa av reinseanlegget ikke er i samsvar med dei kommunale planane, må du skaffe samtykke frå plan- og bygningsetaten. Hugs å oppgi dato for når samtykket blei gitt, og legg samtykket ved søknaden.

## **4. Utsleppsstad og storleik**

Her skal du gi opplysningar om utsleppsområdet. Det vil seie om avløpsvatnet går til innsjø, bekk eller elv, elvemunning eller liknande. Du skal også oppgi namn på lokalitet og kartkoordinatar. Kartkoordinatane finn du på eit økonomisk kart eller plankart i målestokk 1 : 5000 eller større frå Statens kartverk. Denne typen kart får du tak i hos oppmålingsavdelinga i kommunen (karttenesta / teknisk kontor) og fylkeskartkontoret. Nokre kommunar har ei eiga heimeside der du kan laste ned kart. Du kan også til dømes bruke [norgeskart.no](http://norgeskart.no) frå Kartverket.

Plasseringa av avløpsanlegget og utsleppsstaden skal merkjast av på kartet. På same kart skal du også merke av eigedomsgrenser og eventuell vegtilkomst (for slamtømming, vedlikehald etc.). På [Seeiendom.no](http://Seeiendom.no) kan du skrive ut kart der gnr./bnr., eigedomsgrenser, namn, utskriftsdato og kartgrunnlag kjem fram. Legg ved kartet saman med søknaden.

Dersom søknaden gjeld utslepp til vatn, må du oppgi kor mange meter under den lågaste vasstanden avløpsvatnet blir sleppt ut (utsleppsdjupna).

Oppgi den venta storleiken på utsleppet i person-ekvivalentar (pe). Personekvivalentar er eit mål på mengda organisk materiale i avløpsvatnet. Ein kan finne pe på fleire måtar, men dette er hovudregelen:

- Utslepp frå hus og hytter med innlagt vatn og vassklosett: 1 person bidreg med 1 pe.
- Utslepp frå hytter med innlagt vatn utan vassklosett: 1 person bidreg med 0,3 pe.
- Utslepp frå hytter utan innlagt vatn og vassklosett: 1 person bidreg med 0,1 pe.

#### Døme 1:

10 hus med innlagt vatn og vassklosett, 6 personar per husstand:  
 $10 * 1 \text{ pe/person} * 6 \text{ personar} = 60 \text{ pe}$ . Venta utsleppsstorleik er 60 pe.

#### Døme 2:

Hyttefelt med 40 hytter med innlagt vatn og vassklosett, 10 sengeplassar per hytte<sup>1)</sup>:  
 $40 * 1 \text{ pe/person} * 10 \text{ sengeplassar} = 400 \text{ pe}$ . Venta utsleppsstorleik er 400 pe.

<sup>1)</sup> Det varierer kor mange personar som er på ei hytte. Når ein skal beregne personekvivalentane, må ein ta utgangspunkt i maksimum personal på hytta til same tid. Talet på sengeplassar kan vere eit godt mål på maksimum personal / maksimum belasting.

Ta kontakt med kommunen dersom du er usikker på korleis du bereknar den venta utsleppsstorleiken.

## 5. Reinsegrad

Kva reinsekrav som gjeld på den staden du vil sleppe ut avløpsvatn, er avhengig av om utsleppsområdet er klassifisert som normalt, følsamt eller mindre følsamt, sjå [vedlegg til 1.1.2 c til forureiningsforskrifta § 11](#).

For å finne ut kva reinsekrav som gjeld på den staden der du vil sleppe ut avløpsvatn, må du først finne ut kva område utsleppsstaden ligg i:

- **Følsamt eller normalt område:** Ferskvassførekomstar. Kyststrekninga svenskegrensa–Lindesnes med tilhøyrande nedbørsfelt og Grimstadfjord-området inkludert Nordåsvannet, Grimstadfjorden, Mathopen og Dolviken i Hordaland
- **Mindre følsamt område:** Kystfarvatn og elvemunningar frå Lindesnes til Grense Jakobselv, bortsett frå Grimstadfjord-området i Hordaland

Følsamt eller normalt område: Dersom staden du vil sleppe ut til, er klassifisert som følsamt eller normalt område, set du kryss i boksen «Reinsegrad, jamfør § 13-7, følsamt eller normalt område». Dersom søknaden gjeld kommunalt avløpsvatn, skal du krysse av i boksen nedanfor, som har det strengaste reinsekravet.

Mindre følsamt område: Dersom staden du vil sleppe ut til, er eit mindre følsamt område, skal du setje kryss i boksen «Reinsegrad, jamfør § 13-8, mindre følsamt område». Du må i tillegg spesifisere reinsegraden ved å krysse av for anten a) 20 % reduksjon av suspendert stoff eller b) 100 mg suspendert stoff per liter (årleg middelverdi) i restkonsentrasjonen.

Dersom du søker om unntak frå reinsekrava, skal du krysse av i boksen «Søkjer unntak frå §§ 13-7 til 13-8». Hugs at grunngiving eller spesifisering for ønsket om unntak frå reinsekrav må leggjast ved søknaden som vedlegg 6b.

Det kan vere nyttig å ta kontakt med kommunen eller ein fagkyndig for å få nødvendig informasjon eller rettleiing om kva reinsekrav som gjeld der du planlegg utslepp. Du kan òg få ein fagkyndig til å gjere vurderingane for deg.

Under punktet «Type reinseanlegg» skal du oppgi kva slags reinseanlegg du ønsker å installere. Dersom søknaden gjeld minireinseanlegg, skal du også fylle ut «Tillegg for minireinseanlegg».

Oppgi dimensjonert anleggsstorleik i personekvivalentar (pe). Det finn du til dømes i dokumentasjonen frå anleggsleverandøren. Vurdering av kor stort anlegg du skal velje, bør gjerast med eit perspektiv på ti år.

## 6. Vedlegg til søknaden

Søknaden blir ikkje rekna som fullstendig før alle nødvendige vedlegg ligg føre. Dersom det manglar vedlegg, blir ikkje søknaden behandla. Nedanfor finn du ei liste over nødvendige vedlegg med forklaring.

### A. Namn på nøytral fagkyndig som har hjelpt til med å velje reinsemetode og/eller dokumentere reinsegraden

- Her skal du oppgi kva for nøytrale, fagkyndige personar, firma eller leverandørar som har hjelpt deg med å utforme, dimensjonere og installere reinseanlegg, og med å dokumentere reinsegrad. Hugs at dokumentasjon av reinsegraden til anlegget skal vere utført av nøytral fagkyndig.
- Reinseanlegg mellom 50 og 1000 pe i mindre følsamt område kan ha dokumentasjon som alternativ til årleg prøvetaking. Dersom du ikkje gjennomfører årleg prøvetaking, må du

dokumentere at godkjend dimensjonering og utforming er nytta, og du må dokumentere reinsegraden.

## **B. Grunngiving for ønsket om unntak fra §§ 13-7 til 13-16 og relevant dokumentasjon**

- Dersom du søker om unntak fra reinsekrav, skal du grunngi det særskilt. Hugs at dersom du søker om unntak fra krav, gjeld ikke den absolutte saksbehandlingsfristen til kommunen på seks veker.

## **C. Beskriving av anlegg og dokumentasjon på korleis utslepp skal etablerast og drivast. Kravet gjeld ikkje for infiltrasjonsanlegg.**

- Her skal du opplyse om leverandør, modell og så vidare for anlegget, og dokumentere at anlegget skal etablerast, drivast og haldast ved like av fagkyndige, jamfør krav til utforming og drift i § 13-11, krav til prøvetaking i § 13-12, krav til analyse i § 13-14 og krav til vurdering av analyseresultat i § 13-15.
- Informasjon om godkjende minireinseanlegg finst på [heimesidene til SINTEF](#). Godkjenningsbeviset skal leggjast fram i samband med søknader om bruk av minireinseanlegg.

## **D. Beskriving av anlegg og dokumentasjon av reinsegrad som alternativ til prøvetaking, sjå § 13-13. NB! Gjeld berre for infiltrasjonsanlegg som ikkje gjennomfører årleg prøvetaking.**

- Reinseanlegg med naturleg infiltrasjon kan ha dokumentasjon som alternativ til årleg prøvetaking. Det skal ligge føre dokumentasjon på at storleiken og plasseringa til anlegget er tilpassa dei aktuelle vassmengdene og grunnforholda på staden. Dokumentasjonen skal omfatte grunnundersøkingar og innehalde informasjon om hydraulisk kapasitet, infiltrasjonskapasitet, eigenskapane lausmassen har som reinsemedium, og risiko for forureining. Naturleg infiltrasjonsanlegg skal i tillegg ha dokumentasjon på at det er brukt godkjend dimensjonering og utforming. Hugs at dokumentasjonen skal vere utført av fagkyndig.

## **E. Plassering av avløpsanlegg, utsleppsstad, eigedomsgrenser og vegtilkomst for slamtømming, vedlikehald og så vidare på kart i målestokk 1 : 5000 eller større**

- Kart i målestokk 1 : 500 eller 1 : 1000 er å føretrekkje.

## **F. Liste over eigedommar som er tilknytte avløpsanlegget, med gardsnummer, bruksnummer og adresse**

- Dersom du skal knyte deg til eit eksisterande reinseanlegg, må du leggje ved ei liste over kva bygningar som alt er knytte til anlegget. Gardsnummer og bruksnummer for desse bygningane får du ved å kontakte kommunen. Dersom det ikkje er fleire

bygningar knytte til anlegget, skal du setje kryss i boksen «ikkje relevant».

#### **G. Oversikt over interesser som utsleppet får følgjer for, som drikkevassforsyning, rekreasjon og næringsverksemd**

- Brukarinteresser som er knytte til utsleppsstaden, vil vere svært viktige for plasseringa og utforminga av reinseanlegg eller utsleppspunkt. Vedlegget skal innehalde ei vurdering av interesser som utsleppet kan eller vil påverke, til dømes drikkevatn, bading, fiske, turløyper og næringsinteresser, og av plasseringa til utsleppsstaden i forhold til brukarinteressene. Ta kontakt med kommunen og eventuelt ein fagkyndig dersom du har problem med å fylle inn relevant informasjon på dette punktet.

#### **H. Oversikt over kven som er varsla, og kopi av kvitteringar**

- Du må lage ei liste over kven som har blitt varsla, og leggje ved kvittering på at det er sendt varsel, til dømes kvittering på rekommandert sending eller underskrift.

#### **I. Eventuelle klagar og protestar som er mottekne**

- Dersom du har fått klagar eller protestar, skal du leggje dei ved søknaden. Dersom du ikkje har fått klagar eller protestar, kryssar du av i boksen «ikkje relevant».

### **7. Eventuelle merknader frå søkeren**

Her kan du skrive eventuelle merknader du meiner er nyttig informasjon for kommunen når søknaden skal behandlast.

### **8. Underskrift og erklæring**

Med underskrifta di stadfestar du at du har gitt rette og fullstendige opplysningar. Du forpliktar deg òg til å følgje dei oppgitte føreseggnene, inkludert føresegner som gjeld drift og vedlikehald.